



## KURSRAPPORT – JUS 123, vår/2016

---

KURSANSVARLIG: Bjørn Henning Østenstad

Kursrapporten er utarbeidet den 23. september 2016 av Bjørn Henning Østenstad

### 1. FAGLÆRERS GENERELLE VURDERING

#### a) Praktisk gjennomføring

##### i. Strukturen på kursopplegget

Som tidlegare år: 2 x 12 timar førelesing + repetisjon, 8 arbeidsgruppesamlingar, obligatorisk kursoppgåve og 4 storgruppesamlingar. Førelesingane kjem tidleg i kurset, og det fungerer bra.

##### ii. Forelesningene

Tre bidragsytarar: kursansvarleg, Ørnulf Rasmussen og Sigrid E. Schütz. Fungerer bra. Problemstillingar blir skildra på ulike måtar og med ulike ord, men det har studentane godt av å lære seg til å handtere.

##### iii. Benyttede arbeidsoppgaver – både i arbeids- og storgruppene

Revidert før årets kurs på bakgrunn av tilbakemeldingar på referansegruppemøtet i fjor. Det pedagogiske grepet som vart forsøkt førre året (i arbeidsgruppene) med ein meir gradvis introduksjon av ulike emne er forkasta, og fleire sentrale problemstillingar blir no kasta inn frå første stund, om enn med ulik vanskegrad. Det blir lagt vinn på å finne dags- og samfunnsaktuelle saksforhold som utgangspunkt for oppgåvene, og her er det nok å ta av i forvaltningsretten.

##### iv. Skrivning og kommentering

Ingen særlege merknader.

##### v. Gjennomføring av arbeids- og storgruppesamlingene

Éin arbeidsgruppeleiar melde om sterk mistanke om lydopptak i arbeidsgruppesamlingane (ved hjelp av mobiltelefon), og at problemet kunne vere «utbredt» mellom studentane. Dette vart rapportert til visedekan Borvik som straks greip fatt i saka på eit generelt grunnlag.

##### vi. Obligatorisk kursoppgave

Varierende kvalitet på kommenteringa og enkelte klager frå studentane. Det skapar misnøye når nokre sensorar legg seg langt over lista for forsvarleg kommentering, medan andre testar ut den nedre grensa. Dette er vanskeleg å få gjort noko med om vi ikkje skal gå ut og be dei som overoppfyller om å gjere ein meir gjennomsnittleg jobb.

##### vii. Eksamen

Digital eksamen. Ingen problem i samband med gjennomføringa.

Sensorretteiinga vart revidert i samband med nivåkontrollen. Kursansvarleg kom med innspel til val av klagesensorar ut frå røynslene i nivåkontrollen.

Ei prinsipiell problemstilling vart reist i samband med sensuren. Éin sensor hadde kome i tvil om karakteren som var sett var rett, og hadde gjort dette til kjenne overfor aktuell student. Det vart så reist spørsmål (frå sensor og student, i separate e-meldingar) om det var høve til omgjerding. Dette vart avvist av den kursansvarlege ut frå omsynet til hemmeleg sensur. Studenten må klage på karakteren på ordinært vis.



viii. Samarbeid med administrasjonen  
Det beste.

b) Strykprosent og frafall på eksamen

F = 0,3 %. 12 trekk under eksamen, 34 ikkje møtt, 4 legeerklæringar.

c) Karakterfordeling

A: 10,7

B: 32,3

C: 40,0

D: 14,3

E: 2,3

F: 0,6

Reflekterer at det har lukkast å få ganske mange studentar opp på eit bra fagleg nivå. Nokre fleire A og B enn førre året: om lag 2,5 prosentpoeng auke på begge dei to øvste nivåa.

d) Studieinformasjon og –dokumentasjon

Ingen merknader.

e) Tilgang til relevant litteratur

God. Fire ulike bøker gjort til hovudlitteratur, noko ein del studentar synest er uheldig (kostbart). Men faglege omsyn overtrumfar her, jf. vurderingar i samband med SU-sak vinteren 2015.

## 2. FAGLÆRERS VURDERING AV RAMMEVILKÅRENE

a) Lokaler og undervisningsutstyr

Ingen merknader.

b) Andre forhold

Ingen merknader.

## 3. FAGLÆRERS KOMMENTAR TIL ÅRETS STUDENTEVALUERING(ER) (REFERANSEGRUPPEMØTET)

*Referat fra emnets referansegruppemøte er lagt ved denne rapporten, og skal være kommentert av kursansvarlig, jf. vedtak i Studieutvalget den 21.4.15.*

a) Metode – gjennomføring

Standard referansegruppemøte

b) Oppsummering av innspill

1. Arbeidsgruppene:

1.1 Det ser ut som at oppgavesettet no treff bra med tanke på arbeidsmengde, vanskegrad, progresjon og tematisk breidd.



2. Storgruppene:
  - 2.1 Balansepunktet mellom studentpresentasjonar og lærarstyrt diskusjon/oppsummering blir opplevd som skeivt – i alle fall i enkelte grupper. Ønske om sterkare grad av styring her.
  - 2.2 Ulikt kor godt studentane er nøgd med storgruppeleiar si formidlingsevne.
3. Ønske om podcast-versjon av førelesingane
4. Ønske om kompendium for eit par av pensumbøkene.

c) Eventuelle tiltak iverksatt i løpet av kurset

Påminning av storgruppeleiarane om at nok tid må setjast av til oppsummering/diskusjon i etterkant av studentpresentasjonar.

Mistanke om lydopptak i arbeidsgrupper/storgrupper vidareformidla til visedekanen.

#### 4. OPPFØLGING AV FJORÅRETS EVALUERING

Omfang og rekkefølge på kursoppgåvene vart gjennomgått etter innspel frå referansegruppa. Ëi arbeidsgruppeoppgåve fekk dobbel ordgrense, mot at kommentering fall ut på ei anna. Begge deler var vellukka grep.

#### 5. FAGLÆRERS SAMLEDE VURDERING, INKL. FORSLAG TIL FORBEDRINGSTILTAK

Som heilskap har kursopplegget fungert bra og den praktiske gjennomføringa har ikkje bydd på særlege problem. Kommunikasjonen med arbeidsgruppeleiarane har vore god. Også frå denne kanten har det kome gode innspel med tanke på seinare kurs. Bruk av kompendium skal vurderast til neste års kurs.

Oppgåvesettet som blir brukt i arbeidsgruppene, synest no å fungere godt ut frå tilbakemeldingar frå referansegruppa og arbeidsgruppeleiarar. I utgangspunktet er dette difor tenkt vidareført, med nødvendige justeringar i lys av rettsutviklinga. Kan likevel vere plass til ei ekstra teorioppgåve innanfor dagens rammer – og dette vil bli vurdert nærare, ut frå innspel frå studentane.

Slik oppgåvesettet no er skrudd saman, er det ganske nødvendig å halde på opplegget med at førelesingane kjem tidleg i kurset. Dette fordi ein tidleg presenterer samansette problemstillingar der «alt henger sammen med alt».

I storgruppene er studentane nøgde med oppgåvene. Men balansepunktet mellom studentpresentasjonar og lærarstyrt aktivitet må igjen vurderast. Prosedyresamlinga blir vurdert stramma inn ved at oppgåva blir komprimert og domstolsgruppene gjeve (noko) betre tid og rettleiing til å utforme domsgrunnar på grunnlag av partsinnlegga – sjølv om dette er krevjande innanfor ei tidsramme på to timar.

Storgruppeleiarane får skriftleg rettleiing til oppgåvene og tilbod om å delta i førebuingssmøte før samlingane. Det er likevel slik at ein i denne lærargruppa har ulik grad av røynsle – både i undervisningssituasjonen generelt, og i forvaltningsrett spesielt. At alle storgruppeleiarane har lagt ned ein grundig og god jobb i førebuing og gjennomføring, er tvillaust.

Internasjonalt rettsstoff fekk ein klart sterkare plass allereie i 2015-kurset enn tidlegare, og ytterlegare større plass under 2016-kurset. Denne gradvise utviklinga vil halde fram også framover i tid.

Edublogs vart –for første gong på dette kurset – opna for spørsmål og har verka som eit demokratiserande element. Spørsmålsmengda vart etter kvart svært stor og det måtte gjerast ei prioritering av kva diskusjonar den kursansvarlege gjekk inn i. Dette var kommunisert på førehand, også at kursansvarleg ikkje ville vere innom plattformar kvar dag, men ved jamne mellomrom.